

Saksbehandlar: Lisa Marie Hillestad Ålsberg, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/8594-1

Endringar i budsjettet for 2016

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2016

1. Budsjettert fylkesskatt vert auka med 10,000 mill. kr.
2. Rammetilskotet vert auka med 7,750 mill. kr.
3. Driftsmidlar til investering vert auka med 5,300 mill. kr.
4. Budsjetterte kapitalinntekter- og utgifter vert fordelt slik:

Renteinntekter	21,140 mill. kr
Renteutgifter	51,000 mill. kr
Avdrag	174,538 mill. kr
5. Teneste 4009 Avsett til løns- og prisvekst vert redusert med 19,337 mill. kr.
Sektorbudsjetta vert auka med 16,191 mill. kr i samsvar med vedlegg 2.
6. Teneste 4800 Juridisk honorar og andre konsulentutgifter vert auka med 15,000 mill. kr.
4,400 mill. kr av dette vert nytta til juridisk honorar/konsulentutgifter i 2016. Dei resterande 10,600 mill. kr vert avsett til bufferfondet.
7. Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 3,600 mill. kr med slik fordeling:
Teneste 5100 Utgifter til lokale vert auka med 0,800 mill. kr.
Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter vert redusert med 1,400 mill. kr.
Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 3,000 mill. kr.
8. Teneste 7151 Regionalt plan og utviklingsarbeid vert redusert med 2,000 mill. kr.
Avsetjing til disposisjonsfond vert auka tilsvarande.
9. Samla vert driftsbudsjettet saldert ved avsetjing til bufferfond med 19,196 mill. kr.

B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2016

1. I investeringsprogrammet for bygg vert det gjort følgjande endringar:
 - EK001 Eigenkapitalinnskott KLP vert auka med 0,300 mill. kr.*
 - EK004 Fjord Invest Såkorn AS vert auka med 5,000 mill. kr.*
 Finansieringsplanen vert endra slik:
 - Driftsmidlar til investering vert auka med 5,300 mill. kr til samla 24,286 mill. kr.*
 - Avrekning kjøp av tomt Sogndal vgs. vert redusert med 2,722 mill. kr til 0,778 mill. kr.*
 - Lånemidlar 2016 vert auka med 2,707 mill. kr til samla 123,500 mill. kr.*
 - Mva. kompensasjon vert auka med 0,015 mill. kr til samla 44,862 mill. kr.*
2. Nettoinntekter frå sal av anleggsmidlar vert redusert med 6,650 mill. kr til 6,302 mill. kr.
Ekstraordinære avdrag vert redusert tilsvarande.
3. Ekstraordinært utbytte vert auka med 282,000 mill. kr. Avsetjing til ubunde investeringsfond vert auka tilsvarande.

Vedlegg:

1. Kompensasjon for manglande ferjesamband i kriteriedata
2. Fordeling av lønsoppgjera i 2016

SAKSFRAMSTILLING**1. Driftsbudsjettet****1.1. Fylkesskatt og statlege overføringar**Skatt

I statsbudsjettet for 2017 vart veksten i skatteanslaget for 2016 auka til 6,4 % for fylkeskommunane. Det vart samtidig varsla at det fortsatt var uvisse knytt til skatteveksten resten av året. Det er den samla skatteinngangen i landet som er avgjerande for våre skatteinntekter. Pr. utgangen av september hadde fylkeskommunane ein samla vekst på 6,6 %.

Basert på det justerte skatteanslag for 2016 vil fylkesrådmannen tilrå å auke skatteanslaget for 2016 med 10 mill. kr.

Rammetilskot

Fylkeskommunen har i brev frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD), datert 04.11.2016, fått opplyst av vi vil få ekstra skjønstilsot i 2016 på 7,75 mill. kr. Skjønstilskotet er ein kompensasjon for tap i inntektssystemet for 2017 knytt til at eit ferjesamband ikkje vart inkludert i kriteriedata for 2017. Brevet frå KMD følgjer som vedlegg 1.

Fylkesrådmannen tilrår at rammetilskotet i 2016 vert auka med 7,75 mill. kr som følgje av dette.

1.2 Driftsmidlar til investering

Driftsmidlar overført til investering vert auka med 5,3 mill. kr, jf. omtale i pkt. 2.1.

1.3 Kapitalinntekter- og utgifterRenteinntekter

Oppdaterte prognosar syner at likviditeten vert noko høgare enn det som er lagt til grunn, m.a. som følgje av ekstraordinært utbytte frå F1 Holding AS, jf. pkt 2.3. Renteinntektene vert tilrådd auka med 3,2 mill. kr til 21,140 mill. kr.

Kapitalutgifter

I tråd med fylkesrådmannen si fullmakt, jf. budsjettreglementet pkt. 2.6.9, vert endringane i kapitalinntekter/-utgifter sett i høve handlingsrommet for nedbetaling av gjeld. Som følgje av oppdaterte prognosar på renteinntekter og -utgifter vert budsjetterte avdrag auka med 6,2 mill. kr.

Endeleg nivå på budsjetterte kapitalinntekter- og utgifter vert etter dette fordelt slik:

Renteinntekter:	21,140 mill. kr
Renteutgifter:	51,000 mill. kr
Avdrag:	174,538 mill. kr

1.4 Politisk styring, plan og forvaltningTeneste 4009 Avsett til løns - og prisvekst

Lønsoppgjera for 2016 er avslutta. Det er kompensert etter sentrale tillegg i kapittel 4 og lokale forhandlingar i kapittel 3 og 5. Kompensasjonen utgjør samla 16,191 mill. kr, og er fordelt på sektorane i samsvar med vedlegg 2.

Ramma for årets lønsoppgjer er nedjustert i høve våre budsjettføresetnader. Det er difor naturleg at avsette midlar er på eit noko høgare nivå enn den samla kompensasjonen. Fylkesrådmannen tilrår å redusere tenesta tilsvarande mindreforbruket på 3,146 mill. kr i 2016.

Teneste 4800 Juridisk honorar og andre konsulentutgifter

Tenesta har i utgangspunktet ei løyving i 2016 på 3,3 mill. kr. Til no er det nytta 7,3 mill. kr og prognosen for 2016 er 7,7 mill. kr, dvs. eit meirforbruk på 4,4 mill. kr. Meirforbruket skuldast i hovudsak kostnader knytt til salet av Fjord 1 AS som utgjør 6,9 mill. kr i 2016.

I tråd med avtale har Torghatten ASA betalt Sogn og Fjordane fylkeskommune 15 mill. kr til dekking av omkostningar i samband med at salet av Fjord 1 AS til Torghatten ASA vart stoppa.

Fylkesrådmannen tilrår at meirforbruket på 4,4 mill. kr på tenesta vert dekkja av refusjonen frå Torghatten. Meirforbruket vil med denne tilrådinga ikkje ha nokon salderingsmessig konsekvens.

Kostnader knytt til salsprosessen av Fjord 1 AS i 2014 og 2015, på høvesvis 1,7 mill. kr og 9,9 mill. kr, har bidrege til å redusere fylkeskommunen sitt overskot for desse åra. Overskotet har blitt avsett til bufferfondet. Fylkesrådmannen tilrår difor at resten av refusjonen - 10,6 mill. kr - vert avsett til bufferfondet til dekking av «manglande» overskot tidlegare år. Denne fondsavsettinga vil heller ikkje ha nokon salderingsmessig konsekvens.

Teneste 7151 Regionalt plan og utviklingsarbeid

I tertialrapport 1/16 vart det løyvd 2 mill. kr til arbeid med ein strategisk plan for kysten. Fylkesutvalet har i sak 112/16 vedteke planprogrammet, og estimerte kostnader knytt til denne planen vil først kome i 2017. Fylkesrådmannen tilrår ut frå dette at tenesta vert redusert med 2 mill. kr. med ein tilsvarande avsetjing til disposisjonsfond. Som ein konsekvens av dette vert tenesta auka med 2 mill. kr i 2017, med ein tilsvarande bruk av disposisjonsfond.

1.5 OpplæringTeneste 5100 Utgifter til lokale

Fylkesrådmannen rår til at tenesta vert auka med 0,8 mill. kr. Dette skuldast at det er forventa auka husleigeutgifter ved dei vidaregåande skulane.

Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter

Fylkesrådmannen rår til at løyvinga til omstillingsmidlar vert redusert med 1,4 mill. kr som følgje av at behovet for omstillingsmidlar syner seg mindre enn budsjettert for 2016.

Teneste 5210 Utdanningsprogramma

Med bakgrunn i rekneskapsresultatet for 2015 er det oppretta ein felles buffer på sektoren som skal nyttast dersom det oppstår uføresette utgifter knytt til ein eller fleire av anslagsløyvingane. Fylkesrådmannen ser ikkje behov for å nytte avsett buffer i 2016 og tilrår difor at tenesta vert redusert med 3 mill. kr.

2. Kapitalbudsjettet**2.1 Investeringsprogram for bygg**EK001 Eigenkapitalinnskott KLP

Det er budsjettert med 2 mill. kr årleg til eigenkapitalinnskott i Kommunal landspensjonskasse (KLP). Innskottet vert definert som eit aksjekjøp. I 2016 vart eigenkapitalinnskottet 0,3 mill. kr høgare enn budsjettert, og fylkesrådmannen tilrår at løyvinga vert auka tilsvarande. Løyvinga vert finansiert med driftsmidlar til investering.

EK004 Fjord Invest Såkorn AS

Fylkesrådmannen tilrår i sak «Fjord invest Såkorn AS – Kapitalauke» å løyve 5 mill. kr til ein aksjeemisjon i selskapet. Saka om kapitalauke går parallelt med denne saka til fylkestinget. Aksjeemisjon er kjøp av aksjar, som igjen er ei investeringsutgift. Fylkesrådmannen vil tilrå å auke investeringsbudsjettet med 5 mill. kr til dette aksjekjøpet i 2016. Løyvinga vert finansiert med driftsmidlar til investering.

NY224 Sogndal vgs. – byggesteg II

I tertialrapport 1/16 vart finansieringsplanen for prosjektet endra då vi fekk ei inntekt på 3,5 mill. kr frå Sogndal kommune. Inntekta var knytt til avrekning av tomteareal fylkeskommunen har overteke i samband med utbyggingane på Fosshaugane Campus. Nye opplysningar frå Sogndal

kommune viser at berekningsgrunnlaget har vore feil, og ny uttrekning syner at inntekta vert redusert med 2,722 mill. kr. For å dekke inn den reduserte inntekta vert lånemidlar i 2016 tilrådd auka tilsvarande.

Fylkesrådmannen tilrår også ei endring i finansieringsplanen grunna avrundingar slik at årets låneopptak vert redusert med 0,015 mill. kr og mva. kompensasjon vert auka tilsvarande.

2.2 Sal av anleggsmidlar

I tertialrapport 1/16 vart det vedteke at inntekter frå sal av anleggsmidlar på samla 12,952 mill. kr, med fråtrekk for ev. kostnader knytt til gjennomføring av salet, skulle nyttast til nedbetaling av lånegjeld.

Det er framleis uvisse om salet av fylkeskommunale bustader i Lærdal (FU-sak 3/16) vert gjennomført i 2016. Det er føresett at bustadstiftinga v/fylkessjukehuset gjer eit tilsvarande vedtak om overtaking av bustadane. Fylkesrådmannen tilrår difor å redusere inntektene frå sal av anleggsmidlar med 6,5 mill. kr i 2016. Dette reduserer grunnlaget for nedbetaling av lånegjeld tilsvarande.

Vidare er det påløpt nokre kostnader knytt til gjennomføring av sal av anleggsmidlane. Samla utgjør dette 0,150 mill. kr. Nedbetaling av gjeld vert difor samla redusert med 6,650 mill. kr i 2016.

2.3 Lokale inntekter

Fylkeskommunen vil i 2016 få eit ekstraordinært utbytte frå F1 Holding AS på 282 mill. kr som følgje av nedsalet i Fjord 1 AS. Fylkesrådmannen har spurt SF-revisjon IKS om ekstraordinært utbytte frå F1 Holding, av ein slik storleik, vert vurdert som ei løpande inntekt som skal inntektsførast i driftsrekneskapet, eller om det skal vurderast som ei kapitalinntekt. Tilbakemeldinga frå SF-revisjon er at det ekstraordinære utbyttet skal definerast som «ikkje-løpande», og difor førast som ei kapitalinntekt i investeringsrekneskapen.

I FT-sak 30/16 Sal av Fjord 1 aksjar vedtok fylkestinget følgjande:

«Sals- og renteinntekta vert overført som ekstraordinært utbytte frå F1 Holding AS til fylkeskommunen. Den skal, med frådrag av tilhøyrande konsulentutgifter og bankgaranti, nyttast til gjeldssanering. Sett i lys av pågåande regionreformprosess, vil fylkestinget likevel – for inntekter mottekne etter 2016 – vurdere fondsavsetjing som alternativ til gjeldssanering.»

I framlegg til budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020 er strategien knytt til gjeldssanering førebels reversert frå 2017, og «ledige» midlar vert avsett til fond. Inntekter frå salet av Fjord 1 AS i komande budsjett/økonomiplanperiode er såleis førebels avsett til fond.

I intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland står det m.a.:

«...Heile beløpet frå salet av Fjord1 AS skal kunne inngå i eit slikt fond. Fondsmidlane skal kunne nyttast til særskilde investerings- og utviklingsprosjekt i fylket. Det samla fondsbeløpet skal ikkje kunne overstige 1,5 mrd.kr.»

Utifrå dette vil fylkesrådmannen sjå det som naturleg at også ekstraordinært utbytte frå F1 Holding i 2016, på 282 mill. kr, førebels vert avsett til fond. Fylkesrådmannen tilrår at ekstraordinært utbytte vert auka med 282 mill. kr, med ei tilsvarande avsetjing til ubundne investeringsfond.